

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.11.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHBEHANDLAR: Tove Trovatn
SAKA GJELD: **Orientering om berekning av pensjon**

ARKIVSAK: 2023/938
STYRESAK: 117/23

STYREMØTE: 06.12.2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

.....

Orientering om berekning av pensjon

Styret ba i sitt møte den 7. desember 2022 (sak 120/22) om ei redegjersle om berekning av pensjonskostnader.

Administrerende direktør vil med dette notatet orientere om berekning av pensjonskostnader.

1. Obligatorisk tenestepensjon

Alle føretak (gitt visse kriterier) har plikt til å opprette ei pensjonsordning for sine tilsette (obligatorisk tenestepensjon). Ordninga skal i samsvar med Otp-loven tilfredsstillе visse minimumskrav.

Obligatorisk tenestepensjon (OTP) er ikkje ei eiga pensjonsordning. Pensjonsordninga må opprettast innanfor rammene i Foretakspensjonsloven (ytingsbasert pensjon), Innskuddspensjonsloven (innskotsbasert pensjon) eller Tjenestepensjonsloven (hybrid pensjon).

2. Aktuelle pensjonsordningar

Innskotspensjon

Arbeidsgivar plikter kunn å innbetale årleg premie (minimum 2 % av lønn opp til 12G).

Arbeidstakars framtidige pensjonsutbetalingar avheng av avkastning på pensjonsmidlane.

Pensjonskostnaden for føretaket vil være lik årlege innskot etter innskotsplan, ev. redusert

med tilsette sin eigenandel. Dette krev dermed ingen balanseføring av forpliktingar eller liknande.

Ytingsbasert pensjonsordning

Ved ei ytingsbasert ordning er arbeidstakar sikra ei fastsett yting, som regel som ein bestemt del av løna ved oppnådd pensjonsalder. Arbeidsgivar plikter då å betale ein årleg premie til pensjonsordninga som er tilstrekkeleg til å sikre medlemmene sine opptente rettigheter i løpet av året. Årleg premie blir rekna ut frå dei retningslinjer/føresetnader som er satt av føretaket/pensjonskassen og delt med Finanstilsynet.

Framtidige ytingar må estimerast og behandlast som ei forplikting for den regnskapspliktige. Samtidig må avkastning på pensjonsmidlane estimerast. Netto pensjonsmidlar og netto pensjonskostnader bokførast i rekneskapen. Berekning av pensjonsforpliktingar og pensjonskostnader er komplisert og vert som regel gjort av aktuarar.

Hybrid pensjonsordning

Hybridpensjon er som namnet tilseier en mellomting mellom innskots- og ytingsbasert pensjon. Den er regulert i Tjenestepensjonsloven av 1. januar 2014.

Hybridpensjon liknar mest på innskotspensjon i oppteningstida. Innskottet utgjør ein prosent av løn, men for å sikre lik pensjon for kvinner og menn er det høgare sparing for kvinner. I utbetalingstida er hybridpensjonen meir lik ytingsbasert pensjon, ved at pensjonen utbetalast livsvarig, og pensjonskapitalen ikkje utbetalast til etterlatne om ein tilsett dør, men heller bidrar til høgare pensjon til dei tilsette som framleis lever. Dette er same prinsipp som for ytingsbasert pensjon, og bidreg til høgare pensjon til de tilsette.

Avtalefestet pensjon (AFP)

AFP er pensjonsytingar til tilsette som ynskjer å arbeide redusert tid før nådd aldersgrense for alderspensjon frå folketrygda (67 år). AFP kan tidlegast tas ut ved fylte 62 år. AFP vil utgjøre eit livsvarig påslag til alderspensjon frå folketrygda. Dette inneber at alle som skal ta ut AFP må også ha opptent rett til å ta ut alderspensjon frå folketrygda.

3. Offentleg tenestepensjon

Arbeidstakarar i offentlig sektor har tariffesta rett til tenestepensjon, avtalefesta pensjon (AFP), ulykkes-/ yrkesskadeforsikring og gruppelivsforsikring, såkalla offentlig tenestepensjon (OfTP).

Pensjonens størrelse

Tenestepensjonen i offentlig sektor er for dei som er født til og med 1962 ei bruttoordning, det vil sei at den sikrar eit samla nivå på alderspensjonen frå tenestepensjonsordninga og folketrygda.

Pensjonen blir rekna ut frå den løna dei tilsette har/hadde i den tenestepensjonsordninga dei sist var medlem i før dei gjekk av med pensjon (sluttlønna). Først reknast brutto

tenestepensjon som ved full oppteningstid utgjør 66 prosent av pensjonsgrunnlaget av sluttlønn opptil 12 G, før levealdersjustering.

Normalt gir medlemstid på 30 år full opptening. Ved kortare oppteningstid blir pensjonen lågare. Netto tenestepensjon reknast ved at det blir gjort frådrag for alderspensjon frå folketrygda etter bestemte samordningsregler. Dersom du har rettigheter i fleire offentlege tenestepensjonsordningar, utbetaler den "siste ordninga" pensjon for all medlemstid du har hatt i offentlege ordningar.

For dei som er født i 1963 eller seinare blei det frå 2020 innført nye livsvarige påslagsordningar som kjem i tillegg til folketrygda. Det betyr at dei tener opp alderspensjon i tenestepensjonen for alle år dei arbeider fram til dei fyller 75 år. Det blir med andre ord lønnsamt å stå lengre i arbeid. Satsane for opptening blir imidlertid lågare. Dei som allereie har opptening frå dagens bruttoordning vil få pensjon både frå gamal og endra pensjonsordning.

Pensjonsalder og fleksibelt uttak av pensjon

Pensjonsalderen er normalt 67 år. Personar med særaldersgrenser har lågare pensjonsalder. Fleksibelt uttak er ikkje mogleg. Det er mogleg å ta ut AFP frå fylte 62 år.

4. **Pensjonspremie**

Pensjonsordninga skal kvart år tilførast ein premie som etter berekningsgrunnlaget for ordninga vil være tilstrekkeleg til å sikre den rett til pensjon som medlemmene opptener i løpet av året, med tillegg av årets risikopremiar og kostnader etter berekningsgrunnlaget. I berekningsgrunnlaget skal oppteningsalderen fastsett i regelverket etter § 4-1 i foretakspensjonsloven leggst til grunn.

Berekning av premie, tilskot og oppbygging av reserve regulerast av forsikringslovgivinga.

Pensjonspremien kan delast inn i følgjande delar:

Forsikringspremie

Forsikringspremien reknast som ein sats i forhold til pensjonsgrunnlaget (løn) og inkluderer medlemsinnskottet/arbeidstakars del på 2%. Forsikringspremie reknast for eit år av gongen og varierer mellom dei ulike risikofellesskapa (sjukepleieordninga, sjukehuslegeordninga og fellesordninga)

Rentegarantipremie

Dette er ein risikopremie for å oppnå minimumsavkastning. Størrelsen på premien avheng av kva for ein kapitalforvaltningsløsning kunden har valt for sine pensjonsmidlar og av kor store tilleggsavsetningar som er knytt til avtalen. Det er i samsvar med Forsikringsvirksomhetsloven at KLP er pålagt å krevje ein rentegarantipremiepremie.

Bruttogarantitilskot

Bruttogarantien sikrar eit samla pensjonsnivå frå KLP og Folketrygda i samsvar med kva den enkelte tilsette har krav på. F.eks. 66% av sluttlønn ved full opptening.

Bruttogarantien omfattar også bl.a. overføringsavtalen og særlege ektefellepensjonsrettigheter.

Reguleringspremien

Reguleringspremien skal dekke oppregulering i løpet av året av opptente pensjonsrettigheter og løypande pensjoner som følge av lønns- og G-vekst. For alle risikofelleskap i KLP, med unntak av pensjonsordninga for sjukepleiarar bereknar ein reguleringspremien ut frå en viss prosent av premiereservane. Dette inneber at arbeidsgivar også betaler reguleringspremie for kva som er avsett til framtidig pensjon for tidlegare tilsette. For pensjonsordning for sjukepleiarar bereknar ein reguleringspremien ut frå pensjonsgrunnlag (pensjonsgivande løn), noko som inneber at arbeidsgivar kunn betalar reguleringspremie for noverande tilsette, ikkje tidlegare tilsette.

5. Rekneskapsmessig handtering av pensjonskostnader

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader.

Som motyting for sin arbeidsinnsats mottar dei tilsette ein avtalt godtgjersle som består av lønn og andre ytingar, her under rett til framtidig pensjon. For føretaket vert derfor pensjonskostnadene pådregne samtidig med lønnskostnadene. Formålet med denne NRS 6 er å bidra til at pensjonskostnadene blir innrekna når dei vert pådregne, her under at dei blir fordelt systematisk og fornuftig over oppteningsperioden.

Periodisering av pensjonskostnader i ytingsbaserte pensjonsplanar er komplisert fordi det er betydeleg avstand i tid mellom opptening og utbetaling av pensjonsyttingane. Det er derfor vanskeleg både å berekne omfanget av framtidige ytingar og korleis kostnadene skal fordelast over oppteningsperioden.

Utgangspunktet for å fastsette periodens netto pensjonskostnad vil vera endring i samla berekna neddiskontera pensjonsforpliktingar ved byrjinga og slutten av rekneskapsåret tillagt periodens forventede avkastning på pensjonsmidlane.

Berekning av pensjonskostnaden bygger på følgjande økonomiske og aktuarmessige føresetnader:

Økonomiske føresetnader:

- Diskonteringsrente
- Forventa avkastning på pensjonsmidlar
- Lønnsutvikling
- Regulering av løypande pensjon
- Regulering av Folketrygdas grunnbeløp

Aktuarmessige føresetnader:

- Demografiske faktorar (dødelegheit, uførheit m.v.)
- Frivillig avgang m.v

Dei økonomiske føresetnadene vert fastsett årleg av Norsk Regnskapsstiftelse.

Korridor


Endringer i pensjonsforpliktingar eller pensjonsmidlar som kjem av endringar i dei økonomiske og aktuarmessige føresetnadene kan i samsvar med NRS 6 fordelast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforplikting og pensjonsmidlar. Per 31.12.2022 utgjorde korridoren i føretaksgruppa i Helse Vest 11,8 mrd kroner.

6. Pensjonspremie vs pensjonskostnad


Pensjonspremie og pensjonskostnad regulerast altså av to åtskilte regelverk. Berekning av premie, tilskot og oppbygging av reserve regulerast av forsikringslovgivinga (Finanstilsynet) og pensjonskostnad, pensjonsforplikting og rekneskapsføring av Regnskapsloven, NRS 6 Pensjonskostnader og pensjonsforutsetningar fastsett av Norsk Regnskapsstiftelse.

Premien reknast med sikkerheitsmargin og endringar i pensjonsordningane gjeld frå verknadstidspunktet, mens pensjonskostnader reknast med forventningsretta forutsetningar og endringar gjeld frå vedtakstidspunktet.

Same endring slår altså inn på ulike tidspunkt og på ulike måtar for premie og pensjonskostnad. Tabellen nedanfor viser utvikling i pensjonskostnad og pensjonspremie for føretaksgruppa i perioden 2004-2022 samt forskjellen mellom dei to talstørrelsane. Dei største forskjellane mellom pensjonspremie og pensjonskostnad finn ein i 2010 når Stortinget vedtok endring av offentlig teneste pensjonsordning, i 2014 når Stortinget vedtok ny uføreordning for offentlig tilsette og ved innføring av store endringar i offentlig pensjonsordning frå 1. januar 2020.



Samla sett for perioden 2004-2022 ligg pensjonspremien 2,7 mrd. kroner over pensjonskostnaden og netto pensjonsmidlar har auka tilsvarende.



Pensjonsordninga skal årleg tilførast ein premie som etter berekningsgrunnlaget for ordningane er tilstrekkeleg til å sikre den rett til pensjon som medlemmene vil opptene i løpet av året, med tillegg av årets risikopremiar og kostnader for tenester (ordinær årspremie). Premien for kvart år reknast ved oppstart av året og seinare i året i takt med lønnsutviklinga.

Pensjonsordninga skal i tillegg kvart år tilførast premie til dekning av oppregulering av opptente pensjonsrettigheter i løpet av året (reguleringspremie). Reguleringspremien reknast på tidspunktet for oppregulering ut frå lønnsutviklinga i løpet av året.

Pensjonsordninga skal også kvart år tilførast premie til dekning av pensjonsrettigheter som medlemmene i tilfelle får i løpet av året, og som ikkje kan premiesettast på førehand ut frå forsikringstekniske berekningar. Slik premie reknast på det tidspunktet pensjonsrettighetane oppstår.

I år der pensjonspremien er høgare enn pensjonskostnaden finansierast likviditetsbehovet dels gjennom bruk av premiefond og dels gjennom auke i driftskredittramma.

I motsett fall reduserast driftskredittramma og evt. bruk av premiefond.

Bruk av premiefond forutset at premiefondet i etterkant er tilstrekkeleg til å sikre både årets og neste års premieutbetaling.

7. Pensjonskostnad og pensjonspremie 2023

I prop.1 S (2022-2023) blei det lagt til grunn eit samla anslag for pensjonskostnader for helseføretaka på 16 100 mill. kroner inkl. arbeidsgivaravgift og pensjonspremiar på 23 700 mill. kroner. Anslaget for pensjonspremie for 2023 ble utarbeida på bakgrunn av ein lønnsvekstforutsetning på 4,2 pst. Oppdatera berekningar frå pensjonsleverandørane for 2023 innebar eit anslag for pensjonskostnader på 14 800 mill. kroner og pensjonspremiar på 30 925 mill. kroner.

Lågare pensjonskostnader forklarast hovudsakeleg med endringar i dei økonomiske forutsetningane som ligger til grunn for berekningane av pensjonskostnaden, her under spesielt auka forventa avkastning frå 3,7 pst. til 5,1 pst. Basisbevillinga til dei regionale helseføretaka blei samla redusera med 1 300 mill. kroner, tilsvarende reduksjonen i anslått pensjonskostnad.

Nytt anslag for pensjonspremie for 2023 innebar ein auke på 7 225 mill. kroner samanlikna med opphavleg budsjett 2023 og forklarast dels gjennom auka anslag for lønnsvekst frå 4,2

pst. til 5,25 pst. I tillegg er inflasjonen langt høgare enn tidlegare forventa og tidlegare nytta anslag for G-regulering er derav kraftig justert. I tillegg er premien påverka av regulering av løypande alderspensjonar som følge av auka lønnsvekst og auka inflasjon.

Reduserte basisramma og anslått auke i pensjonspremie gjev helseføretaka eit auka likviditetsbehov på 8 525 mill. kroner. For å dekkja likviditetsbehovet til dei regionale helseføretaka får helseføretaka høve til å bruka 6 mrd. kroner meir av premiefond til betaling av pensjonspremiar i 2023.

Sidan det ikkje blir svart arbeidsgivaravgift av premie dekte gjennom premiefond, reduserast likviditetsbehovet med 846 mill. kroner. Resterande auka likviditetsbehovet 1 679 mill. kroner er handtert gjennom å auka driftskredittramma til dei regionale helseføretakas.

Reduksjon i basisramma som fylgje av redusera pensjonskostnader blir fordelt mellom helseregionane i tråd med inntektsmodellen, og utgjer for Helse Vest sitt vedkommande kr 248,9 mill. kroner. I følgje KLP sine berekningar utgjer reduksjonen i pensjonskostnader kr 164,8 mill. kroner samanlikna med opphavleg budsjett.

Bruk av premiefond vart i føretaksmøte 13. juni 2023 auka med 1 149 mill. kroner og driftskredittramma vart auka med 321 mill. kroner.